

Størst på kunstgras

Med to nye kunstgrasbaner på plass kan VTI Fotball skilte med mest kunstgras av alle klubbane på Sunnmøre.

VOLDA. Dei siste vekene har det blitt rulla ut kunstgras på til saman 136 x 120 meter på Volda stadion. Dette utgjer ei ellevarbane og ei sjuarbane.

– Det er lagt ned mykje dugnadsarbeid, og resultatet ser ut til å verte svært bra. Når vi no vert heilt ferdige med jobben, vil Volda stadion ha til saman 20 000 kvm kunstgras. Verken Hødd, AaFK eller andre sunnmørsklubbar har så mykje, seier Øyvind Pål Eidså, leiar for kunstgrasprosjektet.

Utan løpebane. Det er den 50 år gamle grasbana som no har fått kunstdekke. Baneområdet har også vorte utvida, slik at det er vorte plass til ei sjuarbane i tverrenden. Løpebana er teken vekk, denne plassen skal fyllast med ein rimelegare type kunstgras, og nyttast som vrimle- og oppvarmingsområde. Frå før har Volda

stadion ei kunstgrasbane i full storleik som stod klar i 2001, og ei grusbane.

– Rundt dei nye kunstgrasbanene får vi eit nytt og moderne flaumlysanlegg, noko som gjer at vi får lengre kveldar til trening. Når ekte gras no har blitt erstatta med kunstig, slepp ein problemet med at bana må stengjast når det er vått. Håpet er at ein skal verte ferdig med å fylle gummikuler i det nye dekket til fotballskulen med 213 påmelde, 8. – 9. september, seier Eidså.

Åtte millionar. Oppgraderinga av Volda stadion er ei investering på rundt åtte millionar kroner for VTI Fotball. Ein del av pengane kjem frå tippemidlar, i tillegg har fotballklubben fått støtte frå bankar og andre. VTI Fotball har i fleire år vore blant dei største klubbane i krinsen, med rundt 40 lag og 400 spelarar.

HILD NORDAL
hild.nordal@smp.no